



Marit Hosøy Gialousis
Hosøyvegen 35
5993 Ostereidet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7176 - 22/76257

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
05.10.2022

Adressetildeling Hosøyvegen 39A-E GBNR 10/16

Administrativt vedtak: Saknr: 1081/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 tilhøyrande forskrift kap.12 og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressesetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
10	16	H0101 (lengst nord)	Hosøyvegen	39A
10	16	H0101	Hosøyvegen	39B
10	16	H0101	Hosøyvegen	39C
10	16	H0101	Hosøyvegen	39D
10	16	H0101 (lengst syd)	Hosøyvegen	39E

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Det er godkjent bygging av 5 rorbuer / fritidsbustader innanfor regulert felt BFK1 på eigedommen 10/16 (skal seksjoneras – truleg på nytt bruksnummer). Desse vert sjølvstendige fritidsbustader og skal ha tildelt eiga offisiell adresse.


Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Hosøyvegen. Det kan ikkje klagast på adressenavnet.

Desse bygga ligg i ny reguleringsplan som er kome inn i mellom eksisterande bebyggelse/etablerte adresser. Då det ikkje er nok ledige husnummer i området, har me tildelt bokstav i tillegg til husnummer, for å unngå omadressering av eksisterande adresser.

Tildeling av adresse er elles i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7176»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Kålås bygg

Mottakarar:

Jan Rune Hosøy
Marit Hosøy Gjalousis
Randi Hosøy
Øystein Hosøy

Heltveitvegen 9
Hosøyvegen 35
Hosøyvegen 35
Hosøyvegen 31

5993 Ostereidet
5993 Ostereidet
5993 Ostereidet
5993 Ostereidet